



Jørn Øyrehagen Sunde i Guddalstunet etter opninga av tanta og onkelen si utstilling i mai.

Då Morgenbladet i siste nummer kåra Årets beste bøker, var Jørn Øyrehagen Sunde si bok Høgsteretts historie 1965 - 2015 blant bøkene som vart presentert. Dette må vera svært kjekt for den utflytte uskedelingen som no bur i Vaksdal. Boka er eit storverk på 619 sider, og den vart lansert i månadsskiftet mai/juni dette året.

Vi tar med omtalen som Morgenbladet har av boka. Den er skriven av Per Hem:

'Et vektig bidrag til økt forståelse av den tredje statsmakts økende innflytelse i Norge, som vakte debatt ved å peke på betenkeligheter ved denne utviklingen. Forfatteren er en ypperlig pedagog, han skriver for leg og lærd. Resonnementene var imidlertid godt faglig begrunnet og kunne bare ha kommet fra en med et uavhengig ståsted i forhold til den øverste domsmakten.'
Boka er gjeven ut på Fagbokforlaget.

Jørn Øyrehagen Sunde har med jamne mellomrom vore å høyre både i radio og TV. Heldigvis har vi også kunne høyre han ofte her i kommunen, - i Baroniet, i Guddalstunet og her i Uskedalen i samband med kyrkjejubilèet i fjor. Fredag 4.mars kjem han tilbake til Uskedal kyrkje. Då er temaet 'Dei 10 boda', noko professoren kan mykje om. Han var mellom anna hovudforfattar i boka Dekalogen.

Vi ser verkeleg fram til å høyra Jørn den 4.mars, og vi er svært takksame for at han ser seg tid til dette. I omtalen ovanfor vert han omtala som ein ypperleg pedagog. Eg har tidlegare omtala han som ein formidlar i nasjonal toppklasse. Vi gleder oss verkeleg, samstundes som vi gratulerer Jørn med den flotte utmerkinga frå Morgenbladet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Stig M. Tveito